

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
11.06.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Gerd M. Solheim, Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Randi K. Dyrøy, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Toril Hordvik, Linda Brandtun, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn

Varamedlemer: Inger Synnevåg

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland

Kyrkjevevja: Jostein Hauge

Prost: Helge Taranrød

Sokneprest: Stein Hugo Fykse

Meldt forfall: Toril Hordvik

Møtte ikkje: .

Saker til førehaving:

F – 20/25 – F – 27/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 20/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak: Godkjent. Feil saksnummer og manglar to saker. Er retta opp

F – 21/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak: Linda Brandtun og Inger Synnevåg

F – 22/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 19.MARS 2025

Vedtak: Godkjent

F – 23/25 ORIENTERING;

- Rekneskapsbyrået Aider har gitt beskjed om at det er ein summeringsfeil i budsjettet vårt slik at det er 30.000 kr for lite. Dette kan hentast inn igjen ved bruk av fondsmidler hos KLP.
- Oppussing av minnestøtta ved kyrkja. Jostein har sendt søknad til Neptun og til sogelaget om støtte til oppussing.

F – 24/25 AUKE I STILLING SOM TRUSOPPLÆRAR

Bakgrunn:

Etter at Jostein Hauge gjekk inn i stillinga som kyrkjevevje så er delar av stillinga hans framleis ledig. Det gjeld 25 % som går på trusopplæring. Denne stillingsprosenten vil vi ha på plass og ønsker å tilby Amelie K. Storebø og utvide sin deltidsstilling frå 30% til 50%. Her kjem det til å bli nokre nye tiltak som ho vil få ansvar for. Det er t.d småbarnstreff og kyrkjegym. Det vil då vere igjen 5 % som kan brukast til innsparing.

Vedtak:

Saken vert utsett til hausten grunna økonomiplanen.

F – 25/2025 OPEN KYRKJE SOMMAREN 2025

Bakgrunn:

Austrheim kyrkje har hatt open kyrkje tidlegare år og ynskjer å ha dette tilbodet sommaren 2025. Det er Helge Dyrkolbotn som er ansvarleg for opplegget, men her trengs det frivillige både frå soknerådet og frå andre. Vi må lage liste over

kven som er vertar dei forskjellige dagane. Det er tilsaman 16 dagar der det er ope mellom kl. 13 og kl. 18. Nytt for året er at det vert ei utstilling bak i kyrkja. Denne er det Hege Ramsland og Bodil Monslaup som tar ansvar for. Dette er i samband med 160års jubileum. Her vil vi vise fram ein del av det som vart vist fram under utstillinga på 150årsjubileet.

Vedtak:

Helge Dyrkolbotn lagar til pressemelding om Open kyrkje. Soknerådet kan gjerne melde seg som vertar.

F – 26/2025 INNKJØP AV STOLAR, BORD OG KONFERANSEBORD

Bakgrunn:

Aider krev vedtak på bruk av basarmidlar. Kyrkjeverje ynskjer å få bruke av innsamla midlar til dekke utgiftene til bord og stolar i kyrkjelydssalen og til konferansebordet på møterom 1.

Vedtak:

Soknerådet vedtar at stolar, bord og konferansebord skal dekkast av basarmidlane.

F – 27/2025 REDUKSJON I OVERFØRINGA FRÅ KOMMUNEN

Bakgrunn:

Austrheim kommune må spare pengar og kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug har i den samanheng kome med forslag i å kutte overføringa til kyrkja med 500.000 kr. Austrheim sokn har ei overføring i 2025 på 4.000.000 og har eit balansert budsjett med den summen. I 2023 var overføringa på 3.570.000 og soknet gjekk 536.000 kr i underskot. Soknet står framfor ei stor utfordring om dette forslaget går gjennom.

Oversikt kommunalt rammetilskot 2017 – 2024:

Årstal	Drift	Investering
2017	3.560.000	650.000
2018	3.670.000	400.000
2019	3.375.000	700.000
2020	2.875.000	700.000
2021	2.875.000	200.000
2022	3.175.000	200.000
2023	3.570.000	200.000
2024	3.820.000	300.000
2025	4.000.000	500.000

Oversikt stillingsprosentar kyrkjekontoret 2019 – 2024 (tilsette i fellesrådet)

Årstal	Stillingsprosentar
2019	384
2020	377
2021	384
2022	384

2023	384
2024	375

Vedtak:

Kyrkjeverje må lage til oversikt over tilgjengelege midlar og kva dei kan brukast til. Få fram at prosentvis kutt er stort. Få fram kva som vil skje med gravplass, barne- og ungdomsarbeid og stillingar hjå soknet. Vi vil ha møte med økonomidirektør, kommunedirektør og ordførar før kommunestyremøtet 19.juni. Konfirmantarbeidet kan vise korleis grendene kjem saman og gjer eit godt ungdomsarbeid i ei vanskeleg tid. Ein så stor reduksjon i overføringa vil gå hardt utover barne- og ungdomsarbeid.

MØTEBOK SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
11.06.2025

Tilstades på møtet

Medlemer: :

Meldt forfall:

Varamedlemer:

Møtte ikkje:

Andre:

Kyrkjeverja: Jostein Hauge

S – 06/2025 ORIENTERING

- Sommargudsteneste
 - I fjor var det ikkje gudsteneste i juli og det vart etterspurd. I år er det lagt opp til gudsteneste 20.juli kl. 17.00. Det blir og

gudsteneste i teltet på Fonnes kai 17.august i samband med
Fonnesdajen.

S – 07/2025 GJENNOMGANG AV GUDSTENESTEPLAN SAMAN MED PROSTEN

Bakgrunn:

Prosten vår kjem for å ha ein samtale om gudstenesteantal og gudstenestelivet. Når vi legg opp gudstenesteplanen har vi gått ut frå eit visst antal gudsteneste som skal haldast på søndagar og heilagdaggar i Austrheim i løpet av eitt år. Dette talet har vore 30. Framover kan dette talet verta noko endra. Derfor ser vi over kva behov ein har og korleis ein kan auke besøkstal på gudstenestene. Kan ein bli flinkare til å invitere kor og andre aktørar? Skal vi enkelte gongar leggje opp til andre typar gudstenester? Dette er døme på spørsmål vi kan stille oss. Prost Helge Taranrød orienterer om m.a. statistikk og vil hjelpa oss til å tenkje framover.

frå prosten:

Det er eit snitt på 106 deltakarar på gudstenester i Austrheim. Totalt 34 gudstenester gjennom heile året. Det har gått ned dei siste åra med oppmøte, men det er framleis eit høgt snitt. Det er mindre antal gudstenester. I 2024 var det fleire gudstenesterder det var invitert kor som Austrheim songlag, Tiriltunge etc. Einaste som er merka nedgang er på 17.mai. Det er naturlege svingingar som t.d. antal dåp i løpet av året, konfirmentar. Det er mange fleire som er interessert i kyrkja og i trua i denne tida og det er godt for kyrkja. Kyrkja er aktuell og vi må gjere oss fortsett aktuelle. Ein må vere meir på for å invitere til gudsteneste. Ha heller fleire gudstenester med kor og andre inviterte, enn kva å ha mange gudstenester. Tekstmelding er supert som påminning om gudsteneste. Me bør reklamere for sms-varsling i Kyrkjebakken. Austrheim songlag kjem nok til å bli glad for å bli spurd om å syngje. Prøve å lage til innhaldsmessig gode gudstenester.

Vedtak: Saken skal opp til hausten og det skal vere to tal. Eit for søndag og heilagdaggar og eit for andre gudstenester. Det skal og på plass eit årshjul der ein legg opp til innhald / tema for gudstenester.